

Takk til 30 frivillige for heilårsdrift på Kafe Tiaren.

14.11.2018



Eit langbord fullsett av frivillige i drifta av Kafe Tiaren.

I kveld var frivillige kafevertar inviterte til Frivilligfest i Gamleskulen. Uskedal utvikling ynskjer med dette å takka alle for den store innsatsen med å drifta Kafe Tiaren. Bortsett frå nokre tysdagar i jule og nyttårshelga er kafeen open heile året med tre vertar kvar tysdag i ein turnus 8. kvar veke. I tillegg kjem ringevikarar og Rustne Menn som kvar siste tysdag i månaden syter for allsong og musikk. Alf Hjørnevang er rekneskapsførar og ser til at det er orden på økonomien.

Leiar i Uskedal utvikling, Gunn Mari Moberg, hela alle velkomne med sjølvskrivne vers. Ho sa fram ei helsing der ho roste det store og verdfulle arbeidet alle gjer for å skapa ein triveleg møteplass for ei stor gruppe menneske i bygda, også med frammøte frå tilreisande og frå andre bygder.

Menyen var taco levert av Elins Matgleder. Seinare var det gode kaker og kaffi. Ikkje nok med det: Alle fekk med fruktkorg heim, levert av Kvinnherad Vekstbedrift.

Frammøte på Kafe Tiaren er stabilt godt og inntekta går til drift og utbetringar av Gamleskulen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal